

# Fortid & notid for framtid

Arkiv og kulturformidling

## Fagleg årsmelding 2024



## Innhold:

1.	Formål og ansvarsområde .....	3
2.	Organisasjon .....	3
2.1	Formelle organ .....	3
2.2	Tilsette.....	4
3.	Kommunalt arkiv.....	5
3.1	Arkivdepot.....	5
3.2	Magasin.....	9
3.3	Arkivdanning, sak- /arkivsystem og førespurnader .....	10
3.4	Digitalt skapt arkivmateriale .....	13
3.5	Prosjektfinansiert arbeid med kommunalt arkiv i 2024.....	14
3.6	Framdrift i kommunale ordningsprosjekt .....	15
3.7	Synfaringar .....	17
4.	Kulturtenester.....	17
4.1	Privatarkivarbeid .....	17
4.2	FylkesFOTOarkivet.....	19
4.3	Fylkessenter for digitisering av kulturarven (SEDAK).....	23
5.	Personvernombod .....	26
6.	Konferansar og anna.....	29
6.1	Kontaktkonferansen 2024.....	29
6.2	Deltaking på kurs/konferansar .....	29
6.3	Samarbeid .....	30
6.4	Arkheion / AKSESS.....	30
6.5	Nettside og sosiale medium.....	30

# 1. FORMÅL OG ANSVARSOMRÅDE

Selskapet vart formelt stifta på representantskapsmøte i Molde 28.06.2000. Alle kommunane i fylket og Møre og Romsdal fylkeskommune er med og eig selskapet. Selskapet hadde i 2024 til saman 29 eigarar.

Selskapet skal arbeide for at arkivmateriale frå eigarane eller slikt materiale som desse tar ansvar for, blir tatt vare på og gjort tilgjengeleg for offentleg bruk, forskning og andre administrative og kulturelle formål, i samsvar med arkivlova.

Selskapet skal i samråd med eigarane arbeide for å utvikle effektive og rasjonelle arkivtenester hos eigarane, m.a. ved å assistere ved utarbeiding av arkivplan og oppbygging av arkiv, stå for opplæring og rettleiing i arkivsystem og arkivrutinar, gi råd og ha tilsyn med arkivlokale, og utføre anna arkivarbeid for eigarane. Selskapet utfører arbeid for den ein skilde eigar som står i høve til eigaren sin del av driftstilskotet.

Selskapet kan etter nærare vedtak av styret prise visse tenester og slik ha egne inntekter. Dei tenestene som kan prisast skal i hovudsak vere slike som ikkje vil bli gitt til alle eigarane, eller eigarane vil ha ulik etterspurnad etter, eller tenester som ligg utanfor hovudformål til arkivet. Selskapet skal også kunne vere ein bidragsytar i problemstillingar knytt til private arkiv.

Til gjennomføring av spesielle prosjekt utanom dei ordinære arbeidsoppgåvene til arkivet, blir det søkt finansiering frå eigarar eller andre som spesielt ønsker prosjektet gjennomført. Selskapet har høve til å ta på seg konsulentoppdrag for andre, når oppdragsgivar betalar for tenestene og det ikkje går ut over hovudoppgåvene til arkivet.

Definisjonen av formål og ansvarsområde er uttømmende. Styret og representantskapet har ikkje mynde til å fatte vedtak på område som ikkje er nemnt ovanfor.

## 2. ORGANISASJON

Drifta er i all hovudsak basert på inntekter frå eigarane, dvs. fylkeskommunen og kommunane og lagt opp i samsvar med denne. Møre og Romsdal fylkeskommune har ytt tilskot til koordinerande rolle innan privatarkiv og finansierer drifta av SEDAK og FylkesFOTOarkivet. Årsresultatet til desse tre blir balansert mot bundne fond slik at IKAMR i seg sjølv verken blir belasta kostnader eller tar ut forteneste av desse.

IKAMR har depot både i Kirkegata 10 og i Kirkegata 42 i Ålesund. Begge lokala er leigde, men det er investert i reol- og sikringssystem. I tillegg har selskapet leigde lokale mellombels i Parkgata og på Sjøholt.

Verneombod

Torbjørn Aasen vart i 2023 vald til verneombod med Åsta Vadset som vara. Begge med funksjonstid fram til hausten 2025.

### 2.1 Formelle organ

**Styret:**

<b>Styremedlemmer</b>	<b>Varamedlemmer</b>
Ottar Brage Guttelvik (leiar)	John Arild Hestenes
Kariann Bigseth (Nestleiar)	Elisabeth Sande
Marianne Rotvær	Eldar Øye
Inger Johanne Johnsen	
Geir Ove Leite	<b>Tilsett observatør</b>
Andri Jonson / Zane Aboltina (Tilsett styremedlem)	Torbjørn Aasen

Styret hadde 12 møte i 2024 og behandla 90 saker. 2 styremøte vart arrangert fysisk og 10 digitalt.

## Representantskapsmøte

Representantskapet er det øvste organet i selskapet og er samansett av ein representant for kvar av eigarane. Det vart i 2024 gjennomført to ordinære og to ekstraordinære representantskapsmøte.

Representantskapsmøta vart i 2024 halde digitalt med møteleiinga samla hos IKAMR i Ålesund.

- Representantskapsmøte 1 vart gjennomført 25.04.2024 med 22 av eigarane representert, som utgjorde 82,24 % av eigardelane.
- Ekstraordinært representantskapsmøte gjennomført 13.05.2024 – Informasjonsmøte. Ingen protokoll
- Ekstraordinært representantskapsmøte gjennomført 29.08.2024 med 20 av eigarane representert, som utgjorde 83,30 % av eigardelane.
- Representantskapsmøte 2 vart gjennomført 14.11.2024 med 22 av eigarane representert, som utgjorde 89,47 % av eigardelane.

Vebjørn Krogsæter er leiar av representantskapet og Ingrid Ovidie Rangønes nestleiar. Ottar Brage Guttelvik vart vald til styreleiar for selskapet og Kariann Bigseth nestleiar. Årsmelding, budsjett og rekneskap vart godkjende.

## 2.2 Tilsette

Selskapet hadde i 2024 26 fast tilsette i til saman 24 årsverk. Vi hadde tre tilkallingsvikarar og ein innleigd konsulent gjennom arbeidsmarknadstiltak.

Fylkesfoto har i tillegg ei gruppe av frivillige som bidrar med digitisering av fotoskatten til Møre og Romsdal.

## Sjukefråvær

Sjukefråværet var i 2024 på 5,5 %. Sjukefråværet var fordelt på fleire personar. 1,4 prosent er korttidsfråvær og 4,1 prosent er langtidsfråvær.

## Likestilling

Selskapet har eit bevisst forhold til likestilling i tilsettingssamanheng.

## 3. KOMMUNALT ARKIV

### 3.1 Arkivdepot

#### Eldre og avslutta papirarkiv

Bevaring av arkiv er eit ansvar som ligg til alle offentlege organ. Kommunale arkiv er viktige historiske kjelder, og har stor verdi for både forvaltninga, samfunnet og det einskilde individ. Arkivlova med forskrifter seier at kommunal forvaltning skal ha ei depotordning for eldre og avslutta arkiv. Sentrale oppgåver knytt til eit papirdepot er mottak, ordning, beskriving, registrering, publisering av arkiv på nett og betening av arkiv.

For å sikre optimal utnytting av magasina, har det dei siste åra vore nødvendig å legge inn ressursar for å flytte og komprimere store mengder arkiv. Vi har vidare arbeidd mykje med bestandsregistrering, rutinebeskrivingar og å få til gode arbeidsprosessar i høve mottak, ordning, beskriving, registrering, publisering av arkiv på nett og betening av arkiv. Dette arbeidet har dei siste åra gitt resultat.

#### Avleveringslister

Arkiv som er skapt etter 1964 må vere ferdig ordna og listeført i kommunen før dei blir avleverte. Ein stor del av vårt arbeid inneber å lette og rettleie i ordninga og utfyllinga av avleveringslister i kommunane. Eigarane kan også velje å inngå avtale med IKAMR om å avlevere arkivmateriale i uordna tilstand for å bli ordna og registrert av IKAMR mot betaling. Dei siste åra har det vore ein aukande innsats i retning av ekstra-finansierte ordningsprosjekt.

Denne trenden med auka satsing på ordningsprosjekt i staden for deponering av ferdig og ordna arkiv frå kommunen har vore synleg i antal avleverte hyllemeter dei siste åra. Sidan 2022 vart det ein kraftig nedgang i antal hyllemeter deponert via avleveringslister enn tidlegare år. I 2024 har det vore ei lita aukeing igjen på dette, 122 hm vart deponert via avleveringslister dette året, samanlikna med 87 hm i 2022-2023. Trass kapasitetsutfordringar i magasina som har vore i fokus dei siste åra har vi tatt imot alle arkiv som har vore førespurt avlevert frå eigarane våre via avleveringslister.

Avleveringsrutinane har vore godt dokumenterte på nettsida vår og i Hjelpeheftet for ordning og avlevering av offentlege arkiv. IKAMR har ytt hjelp med registrering og rettleiing i ordninga, og reist på synfaring ved ønske frå kommunar som held på med ordning. Det er framleis enkelte kommunar som held på med ordning og avlevering av store mengder arkiv, som tidlegare år. Utanom det er arbeid med avleveringslister ofte **knytt til ytre einingar som ryddar i ulike kommunar som avleverer enkelte seriar om gongen**. Det har naturlegvis vore mindre aktivitet med avleveringslister frå kommunar som har inngått avtale med IKAMR om større ordningsprosjekt.

#### Mottak av arkiv

I løpet av 2024 fekk IKAMR arkiv i 38 deponeringar, fordelt på 31 ulike deponentar. Dette representerer ein nedgang på 13 deponeringar samanlikna med året før. Totalt vart det deponert 785,36 hyllemeter papirarkiv i 2024. Dette er ei aukeing samanlikna med 2023, men framleis mindre omfang enn var gjennomsnittleg antal hyllemeter deponert i åra før 2023.

Årsaka til nedgangen sidan 2023 er hovudsakleg plassmangel i depotet. I 2023 og 2024 har vi investert store ressursar i å flytte arkiv til eksterne depot og komprimere bestandane i magasin for å frigjere plass og kunne halde fram med å ta inn arkiv frå eigarane.

2019	2020	2021	2022	2023	2024
1317	836,47	1609,78	1154,63	546,75	785,36

Tabell 1: Hyllemeter arkiv deponert per år 2019-2024

Tabellen viser deponerte hyllemeter per år. Her kan ein tydeleg sjå at det har vore ein nedgang i deponeringane frå 2021 til 2023, med ein auke i 2024.

Tabellen under gir ei detaljert oversikt over kva som har vorte deponert i ulike kategoriar frå 2020 til 2024. Det er tydeleg at ordningsprosjekta er dei største deponeringane, med ein markant nedgang i arkiv som kommunane ordnar og registrerer sjølv. Vi ser at arkiv ordna og registrert ved hjelp avleveringslister har gått markant ned frå 2021 til 2024. I 2021 fekk vi nærare 550 meter med arkiv kommunane ordna og registrerte sjølv, medan kommunane dei siste to åra berre har deponert om lag 84 meter ferdigordna arkiv til depot. Deponering av privatarkiva ser også ut til å ha variert i storleik dei siste åra, med ein stor topp i 2022.

	2024	2023	2022	2021	2020
Eldre arkiv	7,0	25	1,2	22,8	23
Avleveringslister	122,1	87,6	87,6	548,77	283,59
Ordningsprosjekt	530	313,5	782,2	835,19	303
Digitiseringsprosjekt	32,3	40,7	37,6	110,1	100,98
Privatarkiv	85,36	79,25	245,64	55,87	123,5
TAFJORD	20,5				
Totalt	785,36	546,05	1154,24	1572,73	834,07

Tabell 2: Deponeringar til IKAMR etter type 2020-2024

Av dei 785,36 meterane med arkiv vi har mottatt er 85,36 meter privatarkiv. 18 kommunar har deponert 700 meter med arkivmateriale. Ein statleg aktør har deponert arkiv til depot, medan det var 12 private deponentar som leverte arkiv til IKA Møre og Romsdal i 2024.

Nedanfor er ein tabell som viser detaljert oversikt over deponentane i 2024, der både kommunale, private og statlege aktørar er representerte. Surnadal kommune er den største deponenten, men det er også fleire private deponentar som har levert arkivmateriale til IKA Møre og Romsdal. Totalt viser tabellen eit mangfald av arkivkjelder og ei interesse for å levere privat arkiv til depot.

Deponerar	Hyllemeter	Sektor
Aukra kommune	119	Kommune
Finn Wammer	0,2	Kommune
Kristiansund kommune	38,5	Kommune
Molde kommune	13	Kommune
Møre og Romsdal fylkeskommune	7,5	Kommune
Rindal kommune	19,3	Kommune
Romsdalsmuseet	7	Kommune
Sande kommune	12,7	Kommune
Haram kommune	7	Kommune
Stranda kommune	13,2	Kommune
Sula kommune	9,9	Kommune
Sunnmøre Museum	1,4	Kommune
Surnadal kommune	236	Kommune
Sykkylven kommune	20,7	Kommune
Tingvoll kommune	162	Kommune
Ulstein kommune	9,6	Kommune

Vanylven kommune	3,5	Kommune
Ålesund kommune	19,5	Kommune
Arne Gulbrandsen	0,2	Privat
Dagfinn Leira	0,02	Privat
Haram kulturhistoriske lag	1,57	Privat
Jon Arne Nordang	0,5	Privat
Kirsten Simensen	0,01	Privat
Leikong Handelslag	7,5	Privat
Møre og Romsdal SV	2,5	Privat
Nordmørmusea	14	Privat
Sunnmørsposten	0,58	Privat
TAFJORD	20,5	Privat
Ørsta kommune (privatarkiv)	37,83	Privat
Ålesund Senior	0,1	Privat
Nasjonalbiblioteket	0,05	Statleg
	<b>785,36</b>	

Tabell 3: Detaljert oversikt over deponentar 2024

## Bestand og ordningsgrad

Sidan 2018 har vi kontinuerleg jobba med tiltak i magasinane for å forbetre logistikk, ordning og oversikt over dei eldre arkivbestandane våre (*Depotreform*). Desse tiltaka er også retta mot å spare plass og komprimere bestandane for å utnytte magasinplassen betre. I 2024 har vi hatt auka kapasitet sidan førre åra til å prioritere dette arbeidet.


I 2024 tok vi i bruk eit oppdatert magasinstyringsverktøy som gir betre oversyn over magasinbestandar som ikkje er fullstendig registrerte i Asta. Ved utgangen av året 2024 var det telt opp 14302 hyllemeter hos IKAMR i alle magasin. Derav er 12678 hm (88,7%) kommunalt arkivmateriale. Største delen (79%) av alt kommunalt arkiv hos IKAMR er klassifisert som enten *Ferdig ordna*, *Digitisert* eller *Grovordna (depotreform)*.

Digitisert	Ferdig ordna	Grovordna (depotreform)	Grovordna	Under ordning	Uordna	Til saman
1536 hm (12,1%)	6534 hm (51,5%)	2009 hm (15,8 %)	1396 hm (11%)	1159 hm (9,1%)	43 hm (0,3%)	12678 (100%)

Tabell 4: Omfang og ordningsgrad til kommunale arkivbestandar hos IKAMR

*Ferdig ordna* betyr at arkiv er enten ordna og katalogisert hos IKAMR, eller det har vore deponert til IKAMR med godkjent avleveringsliste frå kommunen. Desse arkiva omfattar litt over halvparten av all arkivbeholdninga hos IKAMR. 12,1% er digitisert og tilgjengeleg elektronisk, og 15,8 % er klassifisert som *Grovordna (depotreform)*. Dei arkiva er hovudsakleg skapte før 1964 og deponerte i uordna tilstand. Depotreformerte arkiv skal vere grovordna og katalogiserte og publiserte på Arkivportalen.no på kommune- og arkivnivå.

Ålesund kommune er den aller største deponenten hos IKAMR med 1620 hm. Deretter kjem Molde med 1480 hm, Kristiansund med 1145 hm og Møre og Romsdal fylkeskommune med 936 hm.



Figur 1: Antall hyllemeter per kommune klassifisert etter ordningsgrad. *Digitisert, Ferdig ordna* og *Grovordna (depotreform)* omfatter 79% av den totale arkivbeholdninga hos IKAMR

## Asta-registrering og tilgjengeleggjing på Arkivportalen

Dei siste fem åra har dei tilsette ved IKAMR arbeidd med å komprimere arkivbestanden for å få plass til meir arkivmateriale og kunne utnytte plassen vi har betre.

I fjor registrerte Asta at vi hadde ordna, registrert og kvalitetssjekka 650 meter med arkiv – derav 62 meter privatarkiv. Likevel er desse tala misvisande, ettersom vi har ordna meir arkiv enn det Asta-tala uttrykker. Manglande utfylling av metadata i katalogverktøyet Asta fører til at tala frå fjoråret ikkje er heilt korrekte. Derfor må vi lene oss på alternative hjelpear for å fastsette kor mange hyllemeter som reelt er ordna. I 2025 må vi arbeide vidare med å variere rutinar og forbetre oppfølginga for å sikre nøyaktigare statistikk og atffinjing. Trass i usikre tal kan vi slå fast at vi har ordna fleire meter med arkiv i 2024 enn i 2023. Noko av årsaka til det kan vere at vi i 2023 brukte mykje ressursar på å flytte arkiv frå Ålesund til ekstern oppbevaring i Parkgata og til Sjøholt. I tillegg til at vi har tilsett fleire personar til ordnings- og registreringsarbeidet.

År	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Hyllemeter ordna	622	1125	1164	689	268	650

## Asta-registrering og tilgjengeleggjing på Arkivportalen

Primæroppgåva for IKAMR er å gjere tilgjengeleg og finne att etterspurd dokumentasjon. Å registrere arkiv i arkivkatalogen Asta, slik at vi finn etterspurd dokumentasjon, er derfor ei viktig arbeidsoppgåve ved IKAMR. Ein god arkivkatalog med nøyaktig arkivbeskriving, bestandsregistrering knytt saman med kompetansen til dei tilsette vil vere avgjerande for om vi finn att dokumentasjon som blir etterspurd.

I 2024 har dei tilsette registrert i Asta:

- 549 arkiv
- 1081 seriar
- 6798 arkivstykke
- 36 917 mapper



Under viser fleire detaljar om registreringar av arkiv i Asta og publisering av arkiv på Arkivportalen.

Tabell - Registreringa av arkiv i Asta og tilgjengeligging på Arkivportalen

	2019	2020	2021	2022	2023	2024	Tilvekst
Registrerte arkiv	3408	3977	4767	5166	5665	6214	549
Registrerte seriar	10 874	12 455	15 470	17 838	19 487	20570	1081
Registrerte stykke	62 677	71 967	81 367	87 590	95 219	102017	6798
Registrerte mapper	250 507	354 276	409 947	460 202	498 255	535172	36917
Publiserte arkiv	797	1552	2946	2688	3414	3698	284
Publiserte seriar	2476	3686	12768	8881	9771	10203	432

Tala gir ikkje eit korrekt bilde. For det første blir ikkje personregister registrert på mappenivå i Asta, men i egne søkbare Excel-skjema. Desse registreringane på mappenivå er såleis ikkje medrekna i statistikken. Vidare har vi sletta einssilde arkiv og fått dei ordna og registrerte på nytt, noko som gir utslag på statistikken henta frå Asta.

Etter fullført kvalitetssjekk og restriksjonsvurdering blir alle ordna arkiv publiserte på Arkivportalen. Totalt har vi publisert 3698 av dei 6214 arkiva som er registrerte i Asta.

## 3.2 Magasin

### Kapasitet

IKAMR har fire arkivmagasin plassert i Kirkegata 10B og Statsråd Daaes gate 9 med total kapasitet på ca. 16000 hyllemeter. Denne kapasiteten er no 75 % fullt utnytta etter at utplasseringsløyisingar vart gjennomførte i 2023. Det har ikkje vore gjort nokon nye tiltak på *Sikre arkiv for framtida*-prosjektet i 2024. Dette året har det i staden vore lagt vekt på tiltak for å effektivisere og betre utnytte den eksisterande plassen i magasinerna med komprimering, grovordning og intern flytting.

Ein del av utfordringa med magasin kapasiteten er ikkje berre at kapasitet blir lågare år frå år, men også at arkiv stadig må flyttast på for å utnytte plassar med «luft» i hovudmagasina, og for å oppretthalde drift av ordningsprosjekta. I 2024 har ordning av arkiv føregått i Kirkegata 10B, medan størstedelen av ledig magasinplass har vore i Statsråd Daaes gate 9 (M04). Det betyr at av og til må ferdig ordna arkiv frå arbeidsmagasina pakkast på pallar og flyttast til Statsråd Daaes gate 9 for å gjere meir plass til nye deponeringar av ordningsprosjekt.

Det står til saman 2303 hyllemeter utplassert i eksterne midlertidige lokale. Derav står 1911 hyllemeter på pallar i Øyravegen 3 på Sjøholt og 391 hm i Parkgata 3 i Ålesund. Desse arkiva vart flytta som eit ledd i *Sikre arkiv for framtida*-prosjektet i 2023. Av 16 hyllekilometer i hovudmagasina er 12 hyllekilometer okkupert. Total beholdning i alle magasin og eksterne lokale omfattar ved utgangen av 2024 14302 hyllemeter.

	<i>Maks kapasitet med total utnyttelse</i>	<i>Plass brukt inkl. reservasjon og tomrom</i>	<i>"Luft" og reservert plass</i>		<i>Brukbart ledig plass</i>
	<b>Kapasitet</b>	<b>Okkupert</b>	<b>Tomrom</b>	<b>Utnyttet (%)</b>	<b>Ledig (mhm)</b>
<b>M01</b>	7280	6037	272	83 %	1242
<b>M02</b>	1125	740	34	66 %	385
<b>M03</b>	1327	1307	5	99 %	20
<b>M04</b>	6303	3916	110	62 %	2387
<b>Til sammen i magasin:</b>	16034	12000	421	75 %	4034
<b>PG3 (Sentrum)</b>	402	391	0	97 %	11
<b>ØV3 (Sjøholt)</b>	2016	1911	0	95 %	105
<b>Til sammen i fjernlager:</b>	2418	2303	0	95 %	116
<b>Totalt:</b>	<u>18452</u>	<u>14302</u>	<u>421</u>	<u>78 %</u>	<u>4150</u>

Figur 2: Kapasitet i alle magasin og fjernlager kvar IKAMR oppbevarer arkivmateriale. Den totale magasinkapasiteten til IKAMR er ved utgangen av 2024 78% utnyttet

## Preservatoriske og tekniske forhold

IKAMR har hatt avtale med Rentokil sidan 2019 om tiltak mot skjeggkre i arkivmagasina. Ein gong i året blir giftåte-feller skifta ut og eventuell førekomst registrert. Dette tiltaket har halde førekomsten av skjeggkre nede i 2024, som tidlegare år. Det er ikkje registrert nokon førekomst av andre skadedyr i magasina i 2024.

Alle magasina har klimamålarar som viser luftfukt og temperaturmålingar i sanntid, i tillegg til fleire loggar som registrerer langtidsmålingar som blir lesne av kvart halvår. Generelt slit vi med klimakontroll i alle magasina. I magasin M01 i Kirkegata 10B har det vore nokså stabil temperatur og luftfukt fram til hausten 2024 då ein teknisk feil i varmeanlegget over lang tid skapte store klimasvingingar i heile rommet. Varmeanlegget var i ustand frå oktober til desember 2024 og det tok fleire veker å arbeide med feilsøk og reparasjon. Magasin M02 og M03 er generelt påverka av temperaturen ute, der klimaendringar svingar i tråd med sesongen. Dei beste klimaforholda er i magasin M04 i Statsråd Daaes gate. Der har det vore nokså stabilt klima heile året, med nokon unntak.

I desember 2024 vart det oppdaga store mengder muggsopp i magasin M02. Soppen hadde spreidd seg langs ein yttervegg der arkivmateriale vart oppbevart. Soppførekomsten var eit resultat av høg luftfukt i rommet og kondensdanning på ein kald yttervegg. Huseigar fjerna soppen og endra isolasjonsmateriale i veggen der kondensdanninga hadde vore, men dette er ikkje å rekne som et langsiktig tiltak mot høg luftfukt i magasinet.

Det midlertidige lokalet i Øyravegen 3 på Sjøholt er ikkje bemanna. Det blir gjort regelmessig sjekk ein gong i måneden i lokalet og temperatur og luftfukt er monitorert i sanntid. Lokala på Sjøholt har ikkje hatt nokon tekniske utfordringar i 2024, anna enn at det ikkje er klimastyring i lokalet. Derfor svingar temperatur- og luftfukt i lokalet i tråd med klimaet ute.

## 3.3 Arkivdanning, sak- /arkivsystem og førespurnader

### Arkivdanning (bevaring og kassasjon / arkivplan)

Det har vore få førespurnader om bevaring- og kassasjonsspørsmål frå eigarane våre i løpet av året, og ingen om arkivplan.

I 2024 starta vi jobben med å kartlegge vår eigen organisasjon for å få på plass og formalisere nødvendige rutinar og nedfelle dei skriftleg. Dette er tidkrevjande arbeid og blant anna pga. sjukmeldingar i 2024 har vi ikkje greidd å få gjort så mykje som ønska og det må derfor halde fram i 2025. Resultatet av dette blir del av vår eigen arkivplan.

KAI fagforum for arkivdanning har vi vore aktiv deltakar av digitalt førre åra, men i 2024 har forumet lege så og seie stilt, frå arrangørane si side. Vi deltok på den verkstaddagen som fall saman med årets KAI-konfeanse i Bodø. Acos WebSak / SvarUt / folkeregistersøk

Det vart brukt tid og ressursar i 2024 på å prøve å få endra organisasjonsstruktur inn i WebSak, og styrke tilgangsstyringa i systemet. Dette arbeidet stranda til slutt i tekniske utfordringar vi møtte med vår eldre versjon av WebSak (7.1).

WebSak har gitt oss litt ekstra utfordringar i kvardagen med ulike feilmeldingar og behov for ekstra kvalitetssikring då ikkje alle funksjonar alltid fungerer slik dei skal. Bruken av SvarUt – som for det meste er rimeleg stabil – er så verdifull at vi har tolt å stå i det.

Frå september 2024 har journalen stort sett blitt kvalitetssikra dagleg. Tidlegare har dette vore gjort kvar veke/anna kvar veke, når ein har hatt tid. Dette er viktig å få gjort ofte nok, også på grunn av utfordringane vi har med WebSak, men også for å fange opp feil før dei blir til følgefeil.

Mot slutten av 2024 fekk vi, i forbindelse med intern flytting, flytta vår eigen skannestasjon vekk frå kopirommet til ein meir eigna stad med betre plass og separate hev-og-senk-bord for pc-skjermar og skannar. Ei mykje betre ergonomisk løysing for dei som skannar.

Tilgang til søk i folkeregisteret for to av rådgivarane er god hjelp i saker som gjeld personopplysningar.

## **Førespurnader**

Til saman er det registrert knappe 3000 journalpostar i WebSak i 2024, litt under 1400 av desse er inngåande. Det inkluderer saker som gjeld IKAMR som organ generelt og som depot (med tenester) for eigarane.

IKAMR tar imot førespurnader både direkte frå privatpersonar og frå kommunane, men mest frå kommunane. Det kan vere arkivfaglege spørsmål, men aller mest gjeld det innsyn i deponert arkivmateriale.

For å ha betre oversikt, har vi delt kommunikasjonen med eigarane våre inn i kategoriar/sakstypar. Vi deler opp innsynsførespurnader i to kategoriar: Innsyn historisk (IH) og innsyn sensitive personopplysningar (IP). I tillegg kjem det arkivfaglege/administrative spørsmål (AA) og spørsmål om avleveringslister (AL).

Frå 2023 har både IP-saker og IH-saker gått opp. Antal førespurnader om avleveringslister er omtrent som året før. Det at det er færre førespurnader om avleveringslister heng nok saman med at fleire arkiv kjem til IKAMR som ein del av ordningsprosjekt. AA-førespurnader har gått noko opp.

Kommune	AA	AL	IH	IP	Sum
Aukra	4	8	1	3	16
Aure	1	0	8	5	14
Fjord	2	0	13	2	17
Averøy	0	0	4	10	14
Giske	1	0	3	6	10
Gjemnes	1	0	0	2	3
Haram	0	0	1	2	3
Hareid	0	0	7	0	7
Herøy	5	8	7	12	32
Hustadvika	7	10	6	20	43
Kristiansund	13	8	21	48	90
Molde	13	7	22	33	75
MRFK	2	0	7	93	102
Rauma	2	0	16	4	22
Rindal	1	8	0	0	9
Sande	8	10	1	3	22
Smøla	2	0	6	1	9
Stranda	1	4	6	3	14
Sulø	0	6	1	2	9
Sunndal	0	0	9	3	12
Surnadal	0	0	21	7	28
Sykkylven	1	7	6	3	17
Tingvoll	0	0	5	6	11
Ulstein	3	0	3	11	17
Vanylven	0	2	10	5	17
Vestnes	2	7	4	2	15
Volda	5	23	4	9	41
Ørsta	5	14	6	5	30
Ålesund	9	15	53	21	98
<b>Saker</b>	<b>88</b>	<b>137</b>	<b>251</b>	<b>321</b>	<b>797</b>

Oversikta tel ikkje med førespurnader til SEDAK, FylkesFOTOarkivet og Personvernombod.

## Lesesal

Lesesalen har blitt besøkt 30 gongar i 2024 mot 47 besøk i 2023

	2020	2021	2022	2023	2024
Antal besøk	28	46	40	47	30
Antal arkivstykke nytta	207	315	298	175	118

## Innsyn i rettsdokumentasjon

Ved utgangen av 2024 hadde IKAMR om lag 3930 hyllemeter rettsdokumentasjon i depotet. Rundt 175 av desse kom inn i 2024.

Hyllemeter deponert rettsdokumentasjon tabell

2020	2021	2022	2023	2024
60	467	243	499	175

Ei oversikt over mengda førespurnader viser ein auke i 2024 frå året før.

År	Mengde førespurnader	År	Mengde førespurnader	År	Mengde førespurnader
2016	200	2019	238	2022	328
2017	243	2020	192	2023	292
2018	266	2021	251	2024	321

Tala seier ikkje noko om arbeidsmengde per førespurnad. Arbeidsmengda knytt til førespurnadene varierer frå enkel mappekopiering til innsyn som krev leiting i mange arkiv og seriar. For betre effektivitet i sistnemnde er vi avhengige av god kommunikasjon med kommunen, og tilstrekkeleg informasjon om innsynskrevjaren. Her er

tilgangen til søk i folkeregisteret til god hjelp. Dei siste åra har det vore ein auke i krevjande innsynssaker, der personar gjerne ønsker å vite alt om seg sjølv. Dette fører til at saksbehandlinga vert utfordrande og behandlingstida lenger.

### 3.4 Digitalt skapt arkivmateriale

Digitalt skapt arkivmateriale frå eigarkommunane skal på same måte som papirarkiv deponerast til IKAMR. Sikring og bevaring av elektroniske arkiv krev spesialkompetanse. Kommunearkivinstitusjonenes Digitale Ressurscenter (KDRS) med sine medlemsinstitusjonar (KAI) og el-arkiv fagmiljø har stor betydning for IKAMR sitt arbeid for bevaring og tilgjengeleggjering av digitalt skapt materiale. IKAMR nyttar depotforvaltningssystemet til KDRS for bevaring av deponerte elektroniske arkiv frå eigarkommunane, med satellittlagring i Mo i Rana og hos Riksarkivet i Oslo.

IKAMR følger KDRS prosessar og rutinar for mottak, validering og bevaring av digitalt skapt materiale. *KDRS produksjonslinje* for bevaring og tilgjengeleggjering av elektroniske arkiv beskriv metodikk og praktisk gjennomføring for handtering av dei ulike systema som skal bli bevart og formidla.

Prosessar og rutinar og produksjonslina for bevaring av elektroniske arkiv:

- IKAMR nyttar KDRS prosessar og rutinar for digitalt skapt materiale
- IKAMR nyttar KDRS produksjonslinje for bevaring av elektroniske system
  - a. Mottak av Innleveringspakke SIP, deponering frå kommune/fylkeskommune
  - b. Lage Arkivpakke AIP av innlevert/deponert Innleveringspakke SIP
  - c. Laste opp Arkivpakke AIP i KDRS sitt depotforvaltningssystem i Trondheim
  - d. Lage Formidlingspakke DIP av Innleveringspakke SIP/Arkivpakke AIP

Resultat i 2024 for bevaring av digitalt skapt arkivmateriale for alle 28 kommunar samt fylkeskommunen:

- Deponert (innlevert) 74 system, totalt 3 TB (66 fagsystem og 8 Noark 5-uttrekk)
- Totalt deponert (innlevert) 498 system, totalt 12 TB (385 fagsystem og 113 Noark 5-uttrekk)
- Godkjent 32 system (30 fagsystem og 1 Noark 5-uttrekk)
- Totalt godkjent 220 system (132 fagsystem og 88 Noark 5-uttrekk)
- På grunn av svært stort antal av, samt størrelse på deponerte (innleverte) uttrekk er arbeidet med å laste opp til depotforvaltningssystemet utsett til 2025. Avslutning av system ved overgang til Helseplattformen er ei hovudårsak til det store antalet leverte fagsystem i 2024.
- Totalt bevart 27 system på 351 GB (4 fagsystem og 23 Noark 5-uttrekk) opplasta til IKAMR depotforvaltningssystem
- Aktiv samhandling med og rettleiing av arkivleiar og IKT-ressursar frå eigarkommunane, IKT-regionane (IKT ORKidé, ROR-IKT, SSIKT og eKommune Sunnmøre) og leverandørar på prosessar, rutinar og produksjonsline for bevaring og tilgjengeleggjering

IKAMR deltok i nasjonale prosjekt for elektroniske arkiv:

- KDRS Utforming av felles prosessar og rutinar for digitalt skapt materiale
- KDRS Produksjonslinje – Bevaring og formidling av elektroniske arkiv
- KDRS Produksjonslinje – Malsett for ordning av gamle Noark- og fagsystem med bruk av Documaster Decom og malsett for arkivsystem
- KDRS Produksjonslinje – Formidling av gamle Noark- og fagsystem frå SIARD-uttrekk produsert av KDRS Produksjonslinje

IKAMR brukar systemet *KDRS Søk & Vis* for oppslag og innsyn i deponerte system frå kommunane og fylkeskommunen (tidlegare navn *KDRS Innsyn*):

- Internt for innsyn i deponerte system der arkivskapar ikkje har behov for historisk database/innsyn
- Levert som teneste til kommunane/fylkeskommunen
- Bruk av *KDRS Søk & Vis* krev ein mal for det deponerte systemet (finst delt nasjonalt eller må bli laga)
- Møre og Romsdal fylkeskommune brukar skulesystemet *Extens* i *KDRS Søk & Vis*

### 3.5 Prosjektfinansiert arbeid med kommunalt arkiv i 2024

I samsvar med Selskapsavtalen §2 kan IKAMR ta på seg arbeid utanom arkivet sine ordinære arbeidsoppgåver. Desse prosjekta blir finansiert av oppdragsgivar. I 2024 har IKAMR vore involvert i følgjande prosjekt:

Nr.	For kven og kva	Status
2002	Sandøy – ordning av arkiv	Påbegynt
1001	Møre og Romsdal fylkeskommune – digitisering av arkivdel 652/652 T07	Påbegynt
1005	Norddal – elverk	Påbegynt
1010	Ørsta – pasientarkiv	Ferdig
1011	Utviklingsmidlar, Idrettsarkiv	Påbegynt
1012	Tafjord Kraft	Påbegynt
1013	Molde – ordning	Påbegynt
1014	SUROFI – ordning	Ferdig
1015	Lærling	Ferdig
1016	Stranda – digitisering	Ferdig
1018	Utviklingsmidlar, Santiteten	Påbegynt
1019	Utviklingsmidlar, Bevaringsplan	
1020	Raumaarkivet	Påbegynt
1022	Surnadal	Påbegynt
1023	Ulstein – ordning sentrale organ	Ferdig
1024	Ålesund – digitisering	Påbegynt
1026	Ulstein – digitisering	Ferdig
1028	Fjordarkivet	Mottatt
1029	Høgskulen i Volda	Påbegynt
1032	Smølaarkivet	Ferdig
1033	Kvalitetssikring 2022	Under arbeid
1034	Tingvoll ullvarefabrikk	Påbegynt
1048	Aukraarkivet	Påbegynt
1058	Aure	Signert
1062	Sykkylven - digitisering	Påbegynt
1063	Møre og Romsdal fylke – ordning	Signert
1064	Ulstein	Signert
1065	Kristiansund skule/kultur 2	Signert
1066	Giske	Signert
1068	Tafjord	Signert
1069	Giske – digitisering	Signert
1070	Kristiansund 3	Signert
1071	Vestnes	Signert
1072	Rindal	Signert

I 2024 vart det signert nye avtalar om ordning og digitiseringsoppdrag med:

- Giske kommune – digitisering
- Utvida digitiseringsavtale med Ålesund kommune
- Utvida digitiseringsavtale med fylkeskommunen
- Tafjord – ordning og digitisering
- Kristiansund kommune – ordning
- Vestnes kommune – ordning
- Giske kommune – ordning
- Rindal kommune - ordning

Det vart avslutta prosjekt for desse i 2024:


- Ulstein kommune – digitisering
- Stranda kommune – digitisering
- Sunndal kommune – ordning
- Smøla kommune – ordning
- Ørsta kommune (helse) – ordning

### **3.6 Framdrift i kommunale ordningsprosjekt**

Ved utgangen av året 2024 var det fire faste heiltidsstillingar, to graderte stillingar og ei midlertidig stilling ved dei kommunale ordningsprosjekta hos IKAMR. I 2024 gjorde vi ferdig etterslep med ein del eldre mindre ordningsprosjekt som har vore forseinka frå tidlegare år.

Det siste slike prosjektet av mindre størrelse (1010 Ørsta helse) vart avslutta i juni. Tre store ordningsprosjekt (1032 Smøla, 1022 Surnadal og 1013 Molde) hadde planlagt avslutning innan utgangen av 2024 og derfor har det vore lagt vekt på dei prosjekta dette året. Smøla-prosjektet vart gjort fullstendig ferdig i desember, og Molde-prosjektet vart ferdig litt etter årsskiftet.

Det vart henta store avleveringar på ordningsprosjekt frå kommunane Surnadal, Aukra og Tingvoll i 2024. Dei fire nye avtalane om ordning som blei signert i 2024 med kommunane Kristiansund, Vestnes, Rindal og Giske vart plassert bakarst i prosjektporteføljen og vil ikkje ha oppstart før det blir meir klarleik i kapasitetsspørsmålet i magasina.



Figur 3: Status i den kommunale ordningsprosjektporteføljen ved utgangen av 2024 og fram mot 2026.



Figur 4: Ordningsprosjektet 1032 Smøla vart påbegynt i 2022 og avslutta i desember 2024. Prosjektet omfatta over 250 hyllemeter frå Smøla kommune skapt etter 1960. Her står arkivmaterialet ferdig ordna på hylle i arkivmagasin og katalogen publisert på Arkivportalen.no. Foto: Andri Jonsson/IKAMR.



## 3.7 Synfaringar

IKAMR har vore på ei eller fleire synfaringar/kommunebesøk i forbindelse med ordning og avlevering av papirarkiv hos følgande i 2024:

- Rindal kommune (synfaring avleveringslister)
- Surnadal kommune (nedpakking ordningsprosjekt)
- Kontrollutvalgssekretariatet i Romsdal (synfaring ordningsprosjekt)
- Hustadvika kommune (synfaring avleveringslister)
- Aukra kommune (nedpakking ordningsprosjekt)
- Tingvoll kommune (nedpakking ordningsprosjekt)
- Gjemnes kommune (synfaring ordningsprosjekt)

## 4. KULTURTENESTER

Tre fylkeskommunale oppgåver/tenester er plassert til IKAMR. Desse tenestene dekker eit spekter av viktige regionale oppgåver for bevaring, tilrettelegging og tilgjengeliggjering av kulturellt materiale frå Møre og Romsdal. Tenestene og leveransen deira er med på å oppfylle planverket til Møre og Romsdal fylkeskommune. Dei fylkeskommunale tenestene har vore medarrangør for ABM-konferansen i Møre og Romsdal fylke som Seksjon ABM har hovudansvaret for. I 2024 vart Kulturtenester ved IKAMR evaluert og evalueringsrapporten var lagt fram for Kulturutvalget i Møre og Romsdal fylkeskommune.

Kulturtenester skal samla sett ha til formål å bevare, tilgjengeleggjere og formidle kulturarv med særleg fokus på private arkiv, fotografi og mediekonvertering. Dei gir råd, koordinerer og samarbeider med regionale kulturarvsaktørar og sikrar fysisk og digital bevaring i tråd med faglege standardar, nasjonale og regionale føringar og samfunnsutviklinga elles. Tenestene er til nytte for innbyggjarane i fylket med at dei sikrar tilgang til dokumentasjon, og bidrar med dette til å styrke demokratiet, fremme kunnskap om samfunnsutviklinga i regionen, og samhandling mellom sentrale kulturarvsaktørar (Evalueringsrapport 2024). Kulturtenester får driftstilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune, samt at det er krav til inntening.

### 4.1 Privatarkivarbeid

IKAMR er fylkeskoordinerande institusjon for privatarkiv i fylket. Dette er ein funksjon som fylkeskommunen har lagt til IKAMR. 22 kommunar og Møre og Romsdal fylkeskommune er med i privatarkivordninga. Dette inneber at kommunen får høve til å deponere bevaringsverdige arkiv frå nedlagde lag, organisasjonar og sentrale næringsverksemdar mot ein kontingent per innbyggjar (2024).

Følgande er utført i privatarkivarbeidet:

- Rolla som fylkeskoordinerande ledd: I 2023 ferdigstilte IKAMR, saman med regionmusea og Nynorsk Kultursentrum, arbeidet med bevaringsplan for private arkiv i Møre og Romsdal 2024-2027. Det vart også utarbeidd ein tiltaksplan basert på bevaringsplanen for denne fireårsperioden. I 2024 vart 13 av i alt 31 tiltak gjennomførte. Det vart også gjennomført to nettverksmøte i privatarkivnettverket i Møre og Romsdal i 2024.
- Møte i det nasjonale privatarkivnettverket leia frå Riksarkivet.
- Rekruttering av nye deltakarar i privatarkivordninga: 22 er no medlemmer
- Rettleiing Nordmørmusea (og venneforeininga Næringshistorie Nordmøre) angående arkiva etter Storvik mekaniske verksted.
- Rettleiing Hornindal historielag angående forvaltning av private arkiv.
- Synfaring av privatarkivsamlings ved Lepsøy bygdearkiv.

- Synfaring og mottak av arkivet etter Aalesunds margarinfabrikk (tiltak basert på bevaringsplanen for private arkiv i Møre og Romsdal).
- Mottak av privatarkivsamlings til Ørsta kommune. Inkludert arkivet etter Grepa og Mjelva Fabrikker (bevaring av fabrikkarkivet definert som tiltak basert på bevaringsplanen for private arkiv i Møre og Romsdal).
- Synfaring og rådgiving angående arkivet etter Kristiansund Håndverkerforening (etter initiativ frå Kulturavdelinga – seksjon for kulturmiljø og friluftsliv Møre og Romsdal fylkeskommune).
- Synfaring ved garden Norangshol i Norangsdalen saman med Vitimusea. (Pelsdyrarkiv definert som tiltak basert på bevaringsplanen for private arkiv i Møre og Romsdal).
- Synfaring SIF/Hessa idrettslag og Surnadal idrettslag.

## Prosjekt med støtte frå Arkivverket:

- I 2021 fekk IKAMR tildelt kr 400 000 i arkivutviklingsmidlar til innsamling, ordning, registrering og digitisering av arkiva etter Tingvoll ullvarefabrikk og Tingvoll tekstilarbeiderforening. Ordningsarbeid og listeføring vart avslutta i 2022. Listene ligg på Arkivportalen. I 2023 vart også digitisering av utvalde arkivstykke gjort. Desse er også publiserte til Digitalarkivet. Prosjektet er dermed ferdigstilt og sluttrapport sendt til Arkivverket.
- I 2020 fekk IKAMR kr 200 000 til revidering av bevaringsplan for private arkiv, eit arbeid som vart fullført i 2023 i samarbeid med dei andre større privatarkivaktørane i fylket: Regionmusea, Nynorsk Kultursentrum, historielaga og kommunane. Prosjektet er ferdigstilt og sluttrapport sendt til Arkivverket.
- I 2020 fekk IKAMR tildelt 322 000 frå Arkivverket til ordning, registrering og digitisering av arkiva etter sanitetsforeningane i Møre og Romsdal. Ordning og listeføring vart avslutta i 2022. Arkivlistene ligg på Arkivportalen. I 2023 vart også digitisering av møtebøker og årsmeldingar ferdigstilt, og publiserte til Digitalarkivet. Prosjektet er dermed ferdigstilt [og sluttrapport sendt til Arkivverket](#).
- I 2022 fekk IKAMR og Institutt for planlegging og administrasjon og skuleretta samfunnsfag (IPAS) / Avd. for samfunnsfag og historie (ASH) ved Høgskulen i Volda kr 160 000,- til første året i eit to-årig prosjekt med tittelen "Arkivet i demokratiets teneste; kvalifiserte kunnskapsprodusentar i høgare utdanning". I 2023 vart vi tildelte 350 000 til andre året i dette samarbeidsprosjektet. Samarbeidet fortsette i 2024.
- I 2018 løyvde Arkivverket også kr 350 000 til eit prosjekt om idrettsarkiv i Møre og Romsdal, i samarbeid mellom IKAMR og Møre og Romsdal Idrettskrets. Dette arbeidet vart starta opp i 2020, men er sett på vent til 2024 grunna situasjonen idrettslaga kom i under koronapandemien. Prosjektleiar vart tilsett og prosjektet revitalisert hausten 2024.
- I 2018 vart IKAMR tildelt 150 000 frå Arkivverket til ordning og registrering av arkivet etter De Norske Klippfiskeeksportørers Landsforening og Unidos A/S. Arkivkatalogen er publisert på Arkivportalen. Prosjektet vart avslutta i 2019, men sluttrapport sendt Arkivverket først i 2024.
- I 2022 fekk Nordmørsmusea arkivutviklingsmidlar til ordning av arkivet etter Storvik mekaniske verksted. IKAMR har utført ordningsarbeid for 100 000 av desse midlane på oppdrag frå Nordmørsmusea i 2023.
- I 2023 fekk Nordmørsmusea arkivutviklingsmidlar til ordning av arkivet etter Hans Hyldbak. IKAMR starta ordningsarbeidet på oppdrag frå Nordmørsmusea i 2024. Arbeidet vert ferdigstilt i 2025.


## Formidling

- I 2024 samarbeidde IKAMR med Institutt for planlegging og administrasjon og skuleretta samfunnsfag (IPAS) / Avd. for samfunnsfag og historie (ASH) ved Høgskulen i Volda, om kjeldestudier og kontekstualisering. Samarbeidet vil fortsette i 2025.
- I 2024 leigde Historisk institutt / Avd. for samfunnsfag og historie (ASH) ved Høgskulen i Volda, inn kompetanse frå IKAMR til å gjennomføre eit kurs i kjeldestudier og kontekstualisering ved Historisk innføringsemne (HI100). Samarbeidet vil fortsette i 2025.
- Foredrag for Hornindal historielag med tema forvaltning av private arkiv.
- Innlegg på Det 9. norske arkivmøtet om "Utvalgsprinsipp- og metode" 18.04.2024.

- Innlegg under "Skrivekurs for forfattarar i det lokalhistoriske arbeidet" 27.05.2024, i regi av Haram kulturhistoriske lag, Sunnmøre historielag og Viti.
- Foredrag om samarbeidsprosjektet "Å nøste i eit tekstilindustriarkiv", saman med SEDAK og Tingvoll museum, 06.03.2024 ved Tingvoll Fjordhotell.
- Innlegg om privatarkivsamarbeidet i Møre og Romsdal på samling i privatarkivnettverket i Troms, 13.06.2024.
- Innlegg om bevaringsplanen for private arkiv i Møre og Romsdal på IKAMR si kontaktkonferanse 15.10.2024.
- Innlegg om privatarkivarbeidet i Møre og Romsdal på ABM-konferansen i Møre og Romsdal 07.11.2024.
- Formidling på IKAMR sine sosiale medium-kanalar for å synleggjere verdien av privatarkiva og privatarkivarbeidet.
- Instagramkonto for promotering oppretta: @privatarkiv\_ikamr.
- Artikkel i Historikeren (Den norske historiske forening / HIFO sitt medlemsblad) om samarbeidet mellom IKAMR, biblioteket ved Høgskulen i Volda og Institutt for planlegging og administrasjon og skuleretta samfunnsfag (IPAS) / Avdeling for samfunnsfag og historie (ASH) ved Høgskulen i Volda.

### Konferanse, samlingar og kurs

- Det 9. norske arkivmøtet 17.04.2024-18.04.2024. Privatarkivkonferansen 2024 var ein del av programmet.
- IKAMR si kontaktkonferanse 15.10.2024-16.10.2024.
- To møte i det nasjonale privatarkivnettverket for fylkeskoordinerande ledd (21.03.2024 og 10.12.2024).



Studentar jobbar med tolking av kjelder. Foto: Åsta Vadset, IKAMR.

## 4.2 FylkesFOTOarkivet

Fylkesfotoarkivet tar vare på fotonhistoria i fylket ved å samle inn, bevare, digitisere og formidle fotografisk materiale som dokumenterer regionen si historie, kultur og samfunnsutvikling. Gjennom året har arkivet arbeidd aktivt for å sikre verdifullt fotomateriale, forbetre bevaringsmetodar og gjere samlingane våre meir

tilgjengelege for publikum. Samtidig har 2024 vore prega av fleire større interne prosessar i organisasjonen, noko som har kravd mykje tid og kapasitet. Den daglege drifta har gått sin gang, men arbeidet ber preg av stram tidsbruk og mange oppgåver som må prioriterast hardt. Arkivet opplever aukande etterspurnad etter fotomateriale, i tillegg til eit stadig større omfang av førespurnader. Samanlikna med fjoråret ser vi ein tydeleg vekst i dette. I løpet av året har tenesta også vore gjennom ein grundig evalueringsprosess, der behovet for auka kapasitet og fleire faste tilsette med fagleg bakgrunn som kan bidra til å bygge tenesta, har kome klart fram.

## **Innsamling og bevaring**

Det fysiske fotomaterialet i arkivet omfattar i dag over ein million fotoeiningar som må sikrast mot nedbryting. Det meste er lagra i eit klimaregulert fotomagasin, men på grunn av plassmangel må fotoarkivet også nytte magasin som ikkje har tilfredsstillande klima for langtidsbevaring. Kapasitet og ressursar set klare avgrensingar, og mottak av nye fotoarkiv må derfor vurderast nøye.

### *Arbeid med større fotografarkiv*

- Fylkesfotoarkivet henta 30.04.2024 negativarkivet til fotograf Lars Pedersen på Vestnes. Pedersen-arkivet var tatt hand om av Vestnes Sogelag, som har overgitt det til Fylkesfotoarkivet. Det fanst ikkje ordreprotokollar for arkivet, men på enkelte ordrekonvoluttar er det påskrive kundenamn. Fotoarkivet er i gang med å registrere desse, samt digitalt avfotografere eit utval av negativa i ordrane, eit arbeid som blir gjort under dugnadskveldane.
- Fotoarkivet har også jobba vidare med filene frå fotoarkivet etter fotograf Magne Mulvik (Sunndal kommune). Dette arbeidet er hovudsakeleg utført av innleigde ressursar, basert på eksterne midlar frå 2021. Det er gjort bildebehandling, utveljing av motiv og klargjering for publisering. Dei ferdige bildefilene er lasta opp til Fylkesfotobasen og der dei har blitt registrert med bildeinformasjon.
- Det blir jobba jamleg med å digitisere det store portrettarkivet etter fotograf Olav Lystad (Ørsta kommune). Det meste av arbeidet er gjort under dugnadskveldane. Fleire portrett frå arkivet er lagde ut i fotobasen.
- Ein del negativar frå arkivet etter fotograf Martin Velle (Ørsta kommune) som kom inn i arkivet i 2021, er også avfotografert og lagt ut i fotobasen.
- Ordreprotokollar etter fotograf Sissel Haug Strømmen blir digitalt avskrive under dugnadskveldane.
- CD-arkivet etter fotograf Guttorm Furmyr (Herøy kommune) blir overført til harddiskar under dugnadskveldane.
- Fylkesfotoarkivet er i dialog med Nasjonalbiblioteket om å få tilgang til filer av digitisert SEFRAK-materiale, av til saman ca. 250 000 negativar på 35mm filmstriper sende opp til Nasjonalbiblioteket avdeling Rana i september 2021. Nasjonalbiblioteket har digitisert omtrent 26 000 negativar til no, og lagt desse ut på nettportalen nb.no med passordbeskytta tilgang. Fylkesfotoarkivet/IKAMR og representant for Kulturavdelinga Møre og Romsdal fylkeskommune har fått tilgang til materialet og er i dialog med Nasjonalbiblioteket om moglegheita for betre registrering av metadata og med det forbetre moglegheita til å finne att det ein ønsker i materialet. Tilgjengeleggjering av SEFRAK-foto er eit stort og omfattande prosjekt, der det på sikt er viktig å få på plass gode løysingar.

### *Mindre samlingar*

Fylkesfotoarkivet har i 2024 mottatt fleire mindre, private fotosamlingar, til dømes:

- Ei privat fotosamling som kom inn via Surnadal bibliotek, som blant anna inneheld ein del eldre foto frå utvandrarar til Amerika.
- Eit gammalt album med visittkortfoto og kabinettkort med portrett frå starten av 1900-tallet. Albumet og bilda i albumet var i svært god tilstand.
- Eit par tidlegare mottatte private fotosamlingar med eldre foto av selfangst og hvalfangst er ferdigbehandla og lagt ut i Fylkesfotobasen.

### *Fotomateriale frå frivillige lag*

- Fiksdal Vel i Vestnes kommune har på ny levert ei større mengd digitale bildefiler av historisk fotomateriale som er samla inn frå ulike eigarar i Vestnes, og som dei sjølv har digitisert (428

bildefiler). Fylkesfotoarkivet utførte bildebehandling på filene før dei vart lagde ut i nettfotobasen, der Fiksdal Vel registrerer bildeinformasjon. Fiksdal Vel har bidratt i mange år med å sikre historisk bildemateriale frå Vestnes og gjer ein stor og viktig innsats med dette.

## Digitisering og tilgjengeleggjering

Digitaliseringa av fotoarkivet har vore eit prioritert arbeid i mange år. I første omgang for å kunne gjere fotomaterialet enklare tilgjengeleg, både for innbyggjarar, forskarar og andre interesserte. Vi ser no behovet for ei oppgradering av utstyr og metodar for digitisering og digital lagring, slik at vi etter kvart også kan digitalt sikre fotomateriale i høg kvalitet, jf. Nasjonale standardar.

### Nettfotobase

Det digitale materialet blir lasta opp i Fylkesfotoarkivets nettbaserte fotobase, der bilda blir publisert <https://fylkesfotoarkivet.mrfylke.no/>. Nettfotobasen er Fylkesfotoarkivet sin største og viktigaste publiserings- og formidlingsarena, og dessutan katalog for registrering av informasjon på enkeltbildenivå. Fylkesfotoarkivet samarbeider med brukarar og frivillige lag om innsamling av bildeinformasjon og registrering av bilde. Dette samarbeidet har vore svært verdifullt for å identifisere motiv og personar på historiske bilde.

Mot slutten av året kunne nettfotobasen vise til rundt 240 000 bilde. Det stadig aukande talet på foto i nettfotobasen krev mykje oppfølging. Samtidig er det særst gleden å sjå at nettfotobasen blir mykje brukt og den skaper stort og aukande engasjement blant brukarar som ønsker å yte til informasjon på bilda. I 2024 fekk vi rundt 1150 brukarkommentarar frå ihuga hjelparar rundt om i landet. Vi opplever at fotobasen blir sett på som ein særst viktig berar av kulturhistorisk informasjon.

### Førespurnader på fotomateriale og anna

Nettfotobasen er også den viktigaste plattformen der brukarane kan søke og bestille foto. Fylkesfotoarkivet opplevde i 2024 ein auke i bestillingsførespurnader gjennom nettfotobase, e-post og telefon, der kvar førespurnad utgjer bestilling på ein til fleire bilde. Ein god del av bestillingane var til privat bruk. Det er spesielt mange brukarar som finn tidlegare forfedrar og slektningar i Fylkesfotobasen, og som dei ønsker foto av i betre kvalitet. I tillegg fekk vi bestillingar på bilde til ulike offentlege formål, som til dømes museumsutstillingar, museumsårbøker, artiklar, avisreportasjar, bokutgiving, dokumentarfilm, foredrag og utsmykking av lokale.

Fylkesfotoarkivet opplevde i løpet av 2024 også ein merkbar auke i førespurnader på saker som ikkje handla om konkrete bestillingar på foto, men som til dømes gjaldt rådgiving om fotobevaring, korleis søke i nettfotobasen, bildeinformasjon på foto, etterspurnad på bestemt fotomateriale, ønske om avlevering av fotomateriale, samarbeid om fotobevaring, omvising eller presentasjon av fotoarkivet og fotobevaringsarbeidet med meir. Fylkesfotoarkivet får også ein del førespurnader frå kulturavdelinga i fylkeskommunen / Seksjon for kulturmiljø og friluftsliv, der dei ønsker eldre foto som grunnlag for tilbakeføring av bygningsdetaljar.



Anna Drege (f. Ringstad) bygde og dreiv Dreges Hotell saman med mannen Hans P. Drege. Foto bestilt til utsmykking av hotellet. Foto: H. J. Haagensen

### Frivillige og sogelag

Frivillige har vore ein uvurderleg ressurs for fotoarkivet. Vi opplever eit svært stort engasjement av ulike brukarar som bidrar med bildeinformasjon, og fleire fortel at dei aktivt oppsøker andre informantar for å få hjelp til å identifisere personar på bilda i arkivet. I tillegg har vi samarbeidd med fleire frivillige lag både om innsamling og publisering av bilde i fotobasen og med å berike bilda med informasjon. Enkelte lag digitiserer også sjølv historisk fotomateriale. Fleire av dei frivillige får tilgang til å registrere bildeinformasjon direkte inn i fotobasen, noko som sparar arkivet for tid og ressursar.

Fylkesfotoarkivet set stor pris på det lokale engasjementet rundt fotobevaring i fylket. Gjennom dette samarbeidet har vi styrkt kunnskapen om regionen si fotohistorie og gjort materiale tilgjengeleg for nye målgrupper.

### Dugnad og ekstrahjelp

Fylkesfotoarkivet har i lang tid arrangert dugnadskveldar kvar veke for faste dugnadsmedlemmer. Dei gjer der ein særst viktig innsats til fotobevaringa i fylket, i hovudsak gjennom ordning av arkiv, digital avskriving av fotografprotokollar, avfotografering av gamle negativar, registrering av foto i nettfotobasen og oppdatering av informasjon på foto frå brukaropplysningar i nettfotobasen. Det har i 2024 vore særleg fokus på arkiva til Johannes Sponland, Olav Lystad, Martin Velle, Lars Pedersen, CD-arkivet til Guttorm Furmyr og avskriving av protokollar etter fotograf Sissel Haug Straumen. I tillegg er det jobba med fleire mindre, private fotosamlingar. Tidlegare fotoarkivar Ragnar Albertsen er hyra inn med å ta ansvar for dugnadskveldane.

Ekstern hjelp er i tillegg hyra inn til digitisering av foto på ulike fotoarkiv og samlingar, samt noko registreringsarbeid. Ekstrahjelp har blant anna jobba på fotografarkiva etter fotograf Magne Mulvik, Sunndal, og Knut Fylling, Sula, forutan fleire mindre fotosamlingar.

### Konferansar, samlingar og kurs

- Deltaking på vårmøte i fotonettverket, Norsk Folkemuseum, Oslo, 06.05.2004-07.05.2024. Der var også presentasjon med oppdatering for fotoløysing i Digitalarkivet.
- Webinar i regi av Arkivforbundet hausten 2024
- Deltaking på nettverksmøte for ABM-miljøet i Møre og Romsdal
- Følgde sending av Landskonferansen i fotobevaring, som vart halden i Bodø - Tema var: Kunst i fotoarkiva
- Deltaking på NO CHANGE Training School on spectral imaging and advanced digitization, NTNU Gjøvik, 02.12.2024-04.12.2024
- Deltaking på symposium (Re)imag(in)ing the Past, Gjøvik, 04.12.2024-05.12.2024
- Følgde strømming av konferansen 3rd Colour Photography and Film: Analysis, preservation, and conservation of analogue and digital materials, 12.09.2024-13.09.2024

### Anna

- Fylkesfotoarkivet har saman med dei andre fylkeskommunale tenestene ved IKAMR deltatt på minisprint-workshop i regi av Torgeir Brun på ABM-seksjonen i fylkeskommunen, som del av evalueringsprosessen for dei fylkeskommunale tenestene.
- Før sommaren var fotoarkivaren involvert i prosessen med innspel til nytt bygg for IKAMR, på dei romma som vedkjem fotoarkiv.
- Deltaking på møte i samband med ny organisasjonsstruktur i regi av eksternt konsulentfirma ABILATOR
- Fylkesfotoarkivet samarbeider med SEDAK om uttesting av utstyr og metodar for mediekonvertering av filmbasert fotomateriale. SEDAK fekk for 2024 utviklingsmidlar frå Arkivverket for prosjektet "Metodeutvikling for mediekonvertering av bilder", der Fylkesfotoarkivet vil vere ein samarbeidspartnar, blant anna gjennom å legge til rette for bruk av aktuelt fotomateriale frå arkivet. Prosjektet gir moglegheit til å utvikle gode praksisar for avfotografering av fotografisk transparent materiale der fargane blir best mogleg tatt hand om. Dette er noko som Fylkesfotoarkivet vil drage stor nytta av i eige arbeid med å digitalt sikre og gjere tilgjengeleg fotomateriale frå arkivet.
- Fotoarkivaren var invitert til å halde innlegg på skrivekurs i Brattvåg den 25.05.2024, om bruk av foto i lokalhistoriske tekster. Skrivekurset var arrangert av Viti, Sunnmøre Historielag og Haram Kulturhistoriske Lag. Det var stort oppmøte med engasjerte deltakarar.
- SEDAK og Fylkesfotoarkivet hadde eit innlegg på nettsida til IKAMR i høve markering av World Photography Day den 19.08.2024. Der ønska vi å sette søkelys på fotografi som medium og inspirasjon, og i særleg grad fotografiet si uvurderlege rolle i å ta vare på vår felles kulturarv.  
<https://www.ikamr.no/nyhende/markering-av-world-photography-day>

## Utstyr og økonomi

- Løn til ekstrahjelp utover det budsjetterte, vart dekket av prosjekt og støtte frå eksterne aktørar, bl.a. tilskot frå Hydro/Sunnalund verk til å jobbe med Mulvik-arkivet.
- Inntekt frå sal av bilde er marginal, trass mange bestillingar.
- Det er sett inn to nye reolar for innkomande fotomateriale på kontoret. I tillegg er det handla inn ein del kontorutstyr og anna til fotoarkivet, blant anna nokre solide esker til henting av glasplatenegativar.

## Utfordringar og behov

- Fylkesfotoarkivet tar hand om over ein million analoge enkeltbilde som behøver ei nærare oppfølging og gjennomgang for å få oversikt over innhald og tilstand. Dette blir det lite kapasitet til saman med det daglege arbeidet.
- Klimaregulert fotomagasin er fullt. Fylkesfotoarkivet har som nødløysing fått disponere nokre fag i IKAMR sine magasin i Kirkegata 10 og i Statsråd Daaes gate 9, der klima ikkje er tilpassa langtidslagring av foto.
- Vi opplever samtidig press frå både institusjonar og fotografar som ønsker å langtidbevare kulturhistorisk viktig fotografisk materiale, der vi ikkje kan tilby klimaregulert magasinplass.
- Også i 2024 vart Fylkesfotoarkivet spurt om å overta/sikre nyare fotoarkiv med fargemateriale frå den siste analoge perioden frå ca. 1975 til 2005. Fargemateriale krev høgare grad av klimaregulerte lagringsforhold. Fotografarkiv frå denne perioden utgjer ofte store mengder fotomateriale der mykje enno ikkje kan formidlast på grunn av personvern og der bestilling av foto krev meir ressursbruk. Materiale frå denne perioden finst det enno mykje av i privat eige rundt om i fylket og Fylkesfotoarkivet må rekne med å verte kontakta om å overta/sikre fleire fotografarkiv frå denne perioden i næraste framtid.
- Fotoarkivet manglar gode løysingar for digital bevaring, samt for mottak og tilrettelegging av digitalt skapte fotoarkiv for langtidbevaring.
- Fylkesfotoarkivet opplever å vere eit viktig og populært kulturhistorisk tilskot til allmenta. Dette kjem fram av dei mange bestillingane og førespurnadene, det store engasjementet omkring brukaropplysningar, frivillig arbeid og dugnader. Trass den store gleden over den aukande interessa for fotoarkivet, er det ei betydeleg utfordring å få tida til å strekke til med berre éin fast tilsett. For å sikre ei forsvarleg forvaltning av fotomaterialet og kunne tilby ei fagleg solid teneste i åra som kjem, er det heilt nødvendig å styrke bemanninga med fleire faste tilsette med relevant kompetanse. I dag manglar arkivet grunnleggande infrastruktur og ressursar for å kunne ta godt vare på materialet – det finst ikkje nok klimamagasin til trygg langtidslagring, digitale lagringsløysingar er ikkje tilstrekkelege, og det manglar gode oversikter over fotomaterialet og tilstanden til samlingane. Utan tilstrekkelege ressursar og ei satsing på utvikling og fagleg kapasitet vil kvaliteten på tenesta bli svekt, noko som kan få langsiktige konsekvensar for tilgangen til og forståinga av vår fotografiske kulturarv.

## 4.3 Fylkessenter for digitisering av kulturarven (SEDAK)

Dette er ei fylkeskommunal teneste for digital bevaring og formidling av kulturarven i Møre og Romsdal. Det skal vere eit fylkessenter for rådgiving, dokumentasjon og mediekonvertering (digitisering) for arkiv, bibliotek og museum (ABM), samt kulturverninstitusjonane i Møre og Romsdal. Oppdrag blir også utført for kommunar, lag og organisasjonar og private aktørar. For å kunne gi råd på oppdatert metodikk og teknologi har tenesta tette samarbeidspartar i nasjonale og internasjonale nettverk, UH-sektoren samt bildeteknologiindustrien. SEDAK er samlokalisert saman med dei to andre kulturtenestene: Privatarkivordninga og FylkesFOTOarkivet og er organisatorisk knytt til IKAMR.

## Måloppnåing frå handlingsplan 2023

Alle dei faglege prioriteringane vart gjennomført etter planlagt handlingsprogram. I tillegg vart det utført fleire mediekonvertering- og dokumentasjonsoppdrag, foredrag og presentasjonar. Berekraftsmål nr 17 - Samarbeid for å nå måla, er det som SEDAK i praksis utfører og oppfyller gjennom FoU-prosjekt med publisering og formidling av resultat og arbeid og formidling innanfor nasjonale og internasjonale nettverk.



### Utviklingsprosjekt

- Slutføring og rapport av FoU-prosjektet «Kvalitetssikring av digitisering i Digitalarkivet» eksternt finansierte gjennom tildeling av Arkivverkets utviklingsmidlar i to år. (2023). Prosjektet er eit formalisert samarbeid med Institusjonsfotografenes forening (IFF) og forskarmiljøet ved NTNU i Gjøvik og dataingeniør-bachelorstudentar ved Fakultet for informasjonsteknologi og elektroteknikk, Institutt for datateknologi og informatikk (IDI).
- Slutføring og delrapport frå SEDAK levert til VITI. VITI - Sunnmøre museum søkte saman med SEDAK, Ålesund bibliotek og Nynorsk kultursentrum på Møre og Romsdal fylkeskommune si fyrste ABM-utlysing og fekk delfinansierte utviklinga av ei vandreutstilling med eit tilhøyrande språk og kulturprogram i prosjektet "Møt kultur og språk på biblioteka". Det er 360 graders fotodokumentasjonsteknikk som vil bli brukt som ei vidareføring av pilotprosjektet gjennomført for VITI - Sunnmøre museum tilbake i 2022. Nye opptak, då også frå samlinga til Nynorsk kultursentrum, er gjennomført i 2024. Prosjektet er leia av VITI - Sunnmøre museum ved fellestenesta formidling. Prosjektet er eit konkret tiltak for å oppnå tettare samarbeid mellom ABM-miljøet i fylket og vi ser klare resultat i slike deltakingar. Institusjonane blir betre kjende på tvers av faglege område, men også mellommenneskeleg. Dette siste er ein særskilt viktig faktor som vi gjerne vil trekke fram i dette prosjektet. Utstillingsopning for "Sunnmøre i boks" vart sett til 16.01.2025.
- Som eit konkret tiltak for meir samhandling mellom dei fylkeskommunale tenestene fekk SEDAK og FylkesFOTOarkivet arkivutviklingsmidlar for eit felles toårig FoU-prosjekt "Metodeutvikling for mediekonvertering av bilder". Prosjektet fekk tildeling frå Arkivverkets utviklingsmidlar pålydande 400 000 for 2024. Prosjektet er eit formalisert samarbeid med forskarmiljøet ved NTNU i Gjøvik, ved Institutt for datateknologi og informatikk. Samhandling mellom dei to ulike fylkeskommunale tenestene om felles utnytting av ressursar vil potensielt gi auka måloppnåing i prosjektet. Prosjektet er også eit konkret samarbeid med bildeteknologiindustrien der det amerikanske selskapet Digital Transition (DT) stiller nødvendig utstyr tilgjengeleg i ein avgrensa periode. Ønska resultat er kunnskapsdeling med det nasjonale og internasjonale fagfeltet. Prosjektet held fram i 2025 og søknad for år to er innvilga av Arkivverket. Ferdigstilling av prosjektet er planlagt i 2026.






Foto frå prøveopptak med Phase One XF med IQ4 – 150mpx og SK 120mm BR macro med mellomring 3 gir ei oppløysning på 9702 PPI

### **Rådgiving, mediekonvertering (digitisering) og fotodokumentasjon utført for ABM-miljøet**

- VITI - Jugendstilsenteret, mediekonvertering og print-reproduksjon av Jugendstilplakatar
- VITI – Broderidigitisering
- Nynorsk Kultursentrum – Plakatdigitisering
- Privatarkiv – Stadnamnkart etter førespurnad frå publikum
- Privatarkiv – dagbøker frå Esten Pedersen Strøm
- Romsdalsmuseet, mediekonvertering av dagbøker frå privatarkivet Jonas Lied, eksternt finansiert gjennom tildeling av arkivutviklingsmidlar frå Arkivverket (Romsdalsmuseet leier prosjektet). Arbeidet vart ferdigstilt i 2024 og delrapport få SEDAK vart levert Romsdalsmuseet.
- Mediekonvertering av store format i byggesak, landbruk og andre tekniske arkiv for eigarkommunane til IKAMR
- Mediekonvertering av reguleringskart og kraftverk for Tafjord Kraft.

### **Gjennomførte kurs/workshop/fagmøte**

Gjennomføring av kurset “Fotografering av skulpturer og større objekt” ved Nasjonalmuseet i Oslo (ein dag). Instruktør fotograf Annar Bjørgli. Bli arrangert av IFF for medlemmer. Fotograf Piotr Cabaj gjennomførte kurset.

Fagleg besøk frå programvare og utstyrs leverandøren Zeutschel frå Tyskland, der både IKAMR Digitisering og Fylkesfotoarkivet deltok.

### **Studiereiser og faglege besøk**

Fagleg innlegg på konferansar:

- Ottar Andre Breivik Anderson formidla resultat i FoU-prosjektet «Kvalitetssikring av digitisering i Digitalarkivet» eksternt finansiert gjennom tildeling av Arkivverkets utviklingsmidlar til DIAG-prosjektet i Polen (tilsvarande prosjekt)

- Foredragshaldar til årskonferansen til IFF i Bergen om prosjektet «Kvalitetssikring av digitisering i Digitalarkivet (Lenke til program: <https://www.ifotografene.no/hva-skjer/rskonferanse>)
- Foredragshaldar av Arkivverket i høve utviklingsmidlane til det 9. Norske Arkivmøtet med presentasjon av prosjektet «[Kvalitetssikring av digitisering i Digitalarkivet](#)»
- Presenterte også samme prosjekt ved Oslo Kongressenter under det 9. Norske Arkivmøte
- Fagleg innlegg på Digital Transitions Roundtable 2024, New York City i høve dei to FoU-prosjekta “Kvalitetssikringsprosjektet av digitisering i Digitalarkivet” og “Metodeutvikling for mediekonvertering av bilder”. Eksternt finansiert av tildeling frå Arkivverket og Digital Transitions.
- Fagleg innlegg ved internasjonal symposium (Re)imag(in)ing the Past ved NTNU i Gjøvik. “New developments in the technical metadata framework for cultural heritage imaging”

## 5. PERSONVERNOMBOD

### Overordna

Personvern er eit dynamisk fag som fordrar at alle pliktsubjekt etter personvernregelverket, aktivt jobbar for å etterleve dei krav som følger etter regelverket i den ordinære drifta og ved spesielle hendingar og situasjonar. Kommunane og tenestene må jobbe saman for å oppnå kravd og ønska mål.

For at kommunane i samband med tenesta skal oppnå dei kravde og ønska måla, må både kommunane og tenesta ha nødvendige ressursar og ha ei øvste leiing som er medviten om sitt ansvar og viktigheita av at verksemda jobbar førebyggjande.

### Utviklingstrekk

I 2024 har tenesta vore aktiv i 6 år; frå 2018 til 2020 i ein prosjektfase, og 2020-2024 i ein driftsfase. I løpet av desse 6 åra, har fleire kommunar gjort store framsteg på fagområdet personvern og informasjonssikkerheit, medan andre framleis er å betrakte som umodne. Dette spriket har i enkelte samanhengar gjort det krevjande for tenesta å på ein god og effektiv måte forvalte dei oppgåvene som skal leverast etter personvernregelverket og tenesteavtalen.

Som følge av den raske teknologiske utviklinga og auka fokus på sikkerheit, var det både i dei sentrale miljøa for personvern og informasjonssikkerheit og i tenesta, mykje fokus på tiltak for å kome i møte nye krav i 2024. Sentralt gav dette fokuset mellom anna utslag i fleire sentrale føringar, og regjeringa la fram ein ny nasjonal digitaliseringsstrategi; Fremtidens digitale Norge. Nasjonal digitaliseringsstrategi 2024–2030 (Ny nasjonal digitaliseringsstrategi - regjeringen.no), der det mellom anna blir lova auka fokus på personopplysningssikkerheit. Utviklingstrekkja gjorde det nødvendig for tilsette i tenesta å auke eigen kompetanse, mellom anna ved deltaking i ulike nettverk og deltaking på Personverndagane i Trondheim 17.09.2024-18.09.2024.

### Aktuelt/trendar

#### *Kunstig Intelligens:*

Mange kommunar har nytta 2024 til å innføre kunstig intelligens i si verksemd og er i gang med å anskaffe KI-drivne system. Eit eksempel er 360 Archive Inspector, som er eit KI-driven system som kan bidra til å redusere risikoen for at offentlege verksemder mistar kontrollen over sensitive personopplysningar og annan informasjon ved uønskt deling og misbruk. Eit anna eksempel er Noteless som mellom anna kan transkribere i sanntid frå pasientkonsultasjonar mellom pasientar og fastlegar, men og mellom pasientar og andre funksjonar i kommunen.

Tenesta var i 2024 involvert i fleire prosessar som vedkjem KI-drivne system. Som ledd i dette arbeidet har vi mellom anna gitt retning for sjølve innføringa av KI, og bruk av KI i den faste drifta. Råd og uttalar har i stor grad vorte baserte på sentrale og nasjonale føringar som ligg føre.

Den 12.07.2024 vart KI-forordninga EU-tidende (eur-lex.europa.eu) offisielt vedtatt i EU og skal gradvis dei neste åra verte gjeldande i EU - dei første reglane frå og med 02.02.2025. KI-forordninga må innlemmast i EØS-avtalen før den vert norsk lov. Frå sentralt politisk hald er det kommunisert vilje om at innlemminga ikkje skal trekke ut i tid. Tregleik i systemet gjer det likevel usikkert når forordninga faktisk vert gjeldande norsk rett. Meir om KI-forordninga i lenker: [Personvernrådet uttaler seg om KI-forordningen | Datatilsynet og edpb\\_statement\\_202403\\_dpasroleaiact\\_en.pdf \(europa.eu\)](#)

EU si rettspakke:

Det er eit høgt reguleringstrykk i EU. Reguleringane frå EU overlappar og utfyller personvernregelverket. EU si rettspakke gjer det nødvendig for kommunane å lage ein strategi for å komme i møte nye rettsakter som vert gjeldande for kommunal verksemd.

Tenesta har både ved relevante høve og på eige initiativ gjort kommunane merksame på aktuelle utviklingstrekk med betydning for kommunane si verksemd. Mellom anna om KI-forordninga.

*Personellsikkerheit:*

I lys av PST si nasjonale trusselvurdering der det mellom anna var fokus på etterretningstrusselen som er utøvd av enkeltindivid på oppdrag frå framande statar, har det i 2024 vore auka fokus på førebyggjande personellsikkerheit, mellom anna i rekrutteringssamanheng.

Fleire kommunar har laga sikkerheitsstrategiar for personellsikkerheit i organisasjonen. Tenesta har gitt uttale i nokre slike prosessar.

## **Handlingsplan 2024**

I starten av 2024 utarbeidde tenesta ein handlingsplan for året som i motsetning til føregåande år ikkje inneheldt konkrete leveringspunkt, men som hadde fokusområde som tenesta ville jobbe særskilt med på ein slik måte at tenesta effektivt kunne levere dette til alle kommunane.

Valet om å ha fokusområde hadde sitt grunnlag i at tenesta grunna ein lengre permisjon, ville ha redusert bemanning, samt at det er krevjande å effektivt følge opp handlingsplanen i kommunane grunna stort sprik i modning på fagområdet.

For å følge opp fokusområde i handlingsplanen, har tenesta i hovudsak utarbeidd malar, sjekklister m.m. som kommunane har kunna nytta til å gjennomføre eigenkontrollar og på eige initiativ kople tenesta på der det var behov for det.

**Fokusområde:**

*Kameraovervaking:*

Tenesta hadde i 2024 i likskap med 2023, fokus på å oppmode kommunane til å kartlegge sin bruk av kameraovervaking i si kommune og gjennomføre pliktige risikovurderingar.

Kravet til å få kartlagt bruken av kamera og gjennomføre nødvendige personvern vurderingar, er reguleringsspunkt etter personvernforordninga som det er knytt konkrete plikter til og som er målbart, til dømes ved eit tilsyn utført av Datatilsynet.

Mange kommunar har gripe tak i dette, og har både kartlagt bruken av kamera og gjennomført nødvendige vurderingar eller oppdatert gamle vurderingar, medan andre kommunar ikkje har starta kartlegginga. Tenesta si erfaring frå åra 2024 og 2023, er at det er få kommunar som ikkje har eit eller fleire kamera i bruk.

*Gap-analyse:*

Som ledd i å støtte kommunane med å få kartlagt sitt modningsnivå på fagområdet, samtidig som tenesta kunne få verdifull informasjon om korleis tenesta på god og effektiv måte kunne stette kommunane, vart det

utarbeidd ein Gap-analyse, som er ein analyse med mål å finne avstanden mellom den faktiske situasjonen og den kravde og ønska situasjonen.

Tenesta utarbeidde i denne forbindelse eit skjema for kartlegging av status innan personvern med ei tilknytt eigenrapportering som vart sendt ut til aktuelle kommunar til oppfølging. Fleire kommunar prioriterte i 2024 å gjennomføre analysen, men det har vore lite aktivitet knytt opp til rapportering av funna.

#### *Tenesteutsetjing og felles behandlingsansvar:*

Ettersom mange kommunar og verksemdar utan å vere klar over det, i praksis har eit felles behandlingsansvar, såg tenesta behov for å ha ekstra fokus på dette reguleringspunktet etter personvernforordninga.

Særleg innan helse- og omsorgstenestene såg tenesta tilfelle der det skulle ha vore inngått avtale om felles behandlingsansvar for å etterleve personvernforordninga sine krav. Tenesta såg også at avtalar om behandlingsansvar var mangelfullt regulert.

Ettersom felles behandlingsansvar ikkje er noko dei behandlingsansvarleg kan velje, men som skal leggest til grunn dersom personvernforordninga sine krav ligg føre, vart det jobba mykje med dette fokusområdet internt i tenesta og eksternt i samarbeid med andre.

I nettverk for fylkeskommunale personvernombod, jobba tenesta saman med personvernomboda der for å utarbeide eit avtaleutkast til avtale om felles behandlingsansvar, som var ei vidareutvikling og norsk tilpassa utgåve av avtale utarbeidd av Datatilsynet Danmark.

Internt i tenesta vart det jobba vidare med å etablere eit første utkast til ei sjekklister for å vurdere eksisterande og komande avtaleforhold.

Kommunane fekk tilsendt utarbeidde dokument til eiga oppfølging. Nokre kommunar har følgd opp dette fokusområdet og tenesta. Noen er framleis involvert i prosessar med mål å få kartlagt ansvarsforholdet.

#### *Tiltak ute i kommunane:*

Det vart gjennomført fleire oppsøkande tiltak ute i kommunane i 2024, både fysisk og digitalt. Mellom anna stod tenesta i februar månad på stand i kommunane Ulstein, Volda og Ålesund.

I to av kommunane vart standen godt besøkt, og tilsette fekk gitt innspel på spørsmål som vart lagt fram for rådgivarane i tenesta. Viktig var det også at tenesta fekk betre forståing for kva innbyggjarar ser på som utfordrande og viktig om sitt personvern.

I lys av markeringane registrerte tenesta ein moderat auke i besøk på IKAMR si nettside og Datatilsynet har gitt tenesta tilbakemelding om at dei vil bruke markeringa som eit eksempel på eit oppsøkande tiltak retta mot innbyggjarar og andre som kommunane behandlar personopplysningar om. Fleire kommunar som det ikkje vart gjort ei fysisk markering i, har uttrykt ønske om at dette vert gjort i dei komande åra.

#### *Kunstig Intelligens:*

Personvern og informasjonssikkerheit ved bruk av KI-drivne system har også vore eit utvalt fokusområde for 2024. Sjå i denne samanheng over under aktuelt/trendar.

### **Status i tenesta**

#### *Nettverksaktivitet for personvern og informasjonssikkerheit:*

I 2024 deltok personvernrådgivarane i 6 ulike nettverk. Møtehyppigheit i nettverka var alt i frå ein gong per månad til ein gong per veke.

#### *Nettverksgrupper:*

- Faggruppe personvern og informasjonssikkerhet (ROR-IKT)
- Nettverksmøte - fylkeskommunale personvernombud
- Forum for informasjonssikkerhet og personvern i Helseplattformen
- Nettverksmøte i foreininga Personvernombudene
- Nettverksmøte kvalitet og personvern (IKT-Orkidé)
- Faggruppe for informasjonssikkerhet (Møre og Romsdal fylkeskommune)

#### *Kurs og opplæring:*

- Tenesta har gjennomført følgande fysiske og digitale kurs i 2024:
- KS Advokatenes årlege personvernkurs – KS Agenda
- KiNS miniturne
- E-Kurs: Forordningen for kunstig intelligens – JUS
- Fagseminar – NTNU
- KI-forordningen på 1-2-30 minutter – Dreambroker
- Personvernkurs i GLUP – Visma Drafit
- Personverndagene i Trondheim

#### *Personalressursar:*

Ved utgangen av 2024 var det fagansvarleg rådgivar, ein rådgivar, og ein innleigd juridisk rådgivar.

Ein rådgivar fråtrede si stilling i november 2024. Samtidig sa fagansvarleg personvernrådgivar opp si stilling mot slutten av året.

Det vart i desember 2024 lyst ut ei stilling som rådgivar personvern og ei stilling som fagansvarleg personvernrådgivar. Begge stillingar har gode søkartal.

#### *Anna:*

Tenesta har i 2024 jobba med ei anskaffing av eit saksbehandlingssystem som tilsette i tenesta ser som ei nødvendig føresetnad for god og effektiv drift. Etter ei vurdering av fleire system, kom tenesta til at det er Legal365, som kan dekke driftsbehova, men som også kan vere tenleg opp imot andre system som er nytta i kommunar og ved IKAMR. Innføringa har blitt utsett fram til rekrutteringa til vakante stillingar er gjennomført.

## **6. KONFERANSAR OG ANNA**

### **6.1 Kontaktkonferansen 2024**

Kontaktkonferansen vart arrangert av IKAMR 15.10.2024-16.10.2024 i Bjørnsonsalen på Scandic Seilet i Molde. Konferansen samla 82 deltakarar, inkludert 50 frå kommunane, 21 frå IKAMR og 7 foredragshaldarar. Programmet var variert og dekkja tema som kunstig intelligens i arkivsektoren, erfaringar med digitale medarbeidarar, personopplysningar i arkiv, bevaring av private arkiv og søk i elektroniske arkiv. Orienteringa frå dei regionale fagnettverka fekk spesielt gode tilbakemeldingar og viste seg å vere eit verdifullt innslag som bør vidareførast.

Gruppediskusjonane skapte gode samtalar, særleg rundt utfordringar og samarbeid i arkivsektoren i Møre og Romsdal. Nokre grupper kom raskt i gang og fekk fram viktige perspektiv.

Samla sett vart Kontaktkonferansen 2024 vurdert som eit vellukka arrangement med høg fagleg kvalitet og verdifulle nettverksmoglegheiter. Forbetringpunkta handlar hovudsakleg om betre tidshandtering og meir strukturert sosialt opplegg. Planlegginga for neste kontaktkonferanse i Ålesund vil bygge vidare på desse erfaringane for å skape ein endå betre møteplass for arkivsektoren i regionen.

### **6.2 Deltaking på kurs/konferansar**

- Deltaking på den årlege kommunearkivkonferansen (KAI-konferansen) i Bodø i september.

- Deltaking på forvaltningsforum – Arkivverket.
- Deltaking på nettverksmøte for fylkeskoordinerende ledd for privatarkiv.
- Fleire tilsette har gjennomført kurs i Asta.
- Tillitsvalde har deltatt på kurs i regi av Forskerforbundet og Fagforbundet

### 6.3 Samarbeid

IKA Møre og Romsdal er representert i samarbeidsrådet til Digitalarkivet og Jan Aakvik er med i Nasjonalbiblioteket sitt rådgivande utval for kulturarvdigitalisering.

Vi deltar aktivt i KAI leiarnettverk. Dagleg leiar er styreleiar for Lean Forum Nordvest og LOS Norge (Foreining for lærende organisasjonar), og fagleg leiar for LOS Norge-konferansen.

### 6.4 Arkheion / AKSESS

Arkheion har gått inn i eit toårig samarbeid med Arkivforbundet og oppretta tidsskriftet AKSESS. Arkheion innkalla i desember 2021 til eit ekstraordinært eigarmøte, som stilte seg positive til at Arkheion skulle delta i ABM-media sitt prøveprosjekt om å etablere eit nytt arkivblad om og for heile sektoren. Prosjektet vil gå føre seg i perioden 2022-2024. Arkheion blir sett på pause i prosjektperioden, og kan dermed takast opp att etter prosjektet.

AKSESS er eit sjølvstendig tidsskrift for arkiv og dokumentasjonsforvaltning i Noreg. Tidsskriftet er ein kanal for heile sektoren og har som mål å sette lys på, binde saman og utvikle fagfeltet, samt å gjere synleg arkiv i den norske allmenta gjennom eit breitt spekter av tema. AKSESS skal drive kritisk journalistikk og gi rom for refleksjon, debatt og erfaringsdeling.

### 6.5 Nettside og sosiale medium

IKA Møre og Romsdal publiserer informasjon via nettsida [www.ikamr.no](http://www.ikamr.no) og Facebook [www.facebook.com/ikamr.no](https://www.facebook.com/ikamr.no). Vi ser vi når breiare ut til publikum ved å nytte Facebook. I tillegg har vi ein Instagramprofil: arkiv\_ikamr. Alle ber nok litt preg av at vi ikkje har ein eigen plan for publisering.

Fortid  
& notid  
for framtid